

BARK – RAPPORTERING FOR 2017

SKJØTSEL OG TILRETTELEGGING VED HØYBØEN



Deltakere på BARK-seminaret tok i år turen til Høybøen. Her står deltakerne ved tuftene etter middelaldergården. Foto: Fjell kommune.

BARK-prosjektet ved Høybøen var opprinnelig delt i to faser. Det blei i 2015 levert rapport for fase 1 (søknads-ID 2014/1022), og i 2016 rapport for fase 2 (søknads-ID 2015/8551). Skjøtselsplan for arkeologiske kulturminne på Vindenes (ID 64065, 95728, 95729, 95730, 95787, 95731, 35751, 45819) er utarbeidd av Hordaland fylkeskommune.



Progresjon sidan siste rapportering

Vi har ikkje hatt den progresjonen vi skulle ønske i år. Hovudgrunnen må seiast å vere at kulturavdelinga i Fjell hadde ansvaret for førebuinga og gjennomføringa av Sykkel-VM, som fann stad i Fjell siste helga i september. Men Høybøen blei ikkje gløymt. I scriptet til TV 2, var Høybøen utvald frå vår si side som eit av få hovudpunkt som fortente ekstra merksemd frå kommentatorane.

Heilt mot slutten av 2016 mottok Fjell kommune kr 57.000 i tilskotsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland til skjøtsel og rydding ved Høybøen. Det hadde då lenge vore klart at det ville bli eit stort, økonomisk løft å få fullført skjøtsel og rydding i eit større område ved øydegarden. Det eine tilbudet vi innhenta var på nærmare 340.000 kroner. I 2017 mottok vi også ein stor sum frå Riksantikvaren – kr 110.000 – til dette tiltaket. Dette er svært positivt, og gjer at vi ser positivt på den vidare progresjonen. Det er på det reine at Fjell kommune også må gå inn med ressursar, og vi har sett på ein kombinasjon av politisk sak der ein argumenterar for øyremerkte midlar til føremålet, samt at ein nyttar arbeidskraft frå ei ny, kommunal avdeling; Grønn etat.

I vår vart det årlege BARK-seminaret lagt til Bergen og Fjell 26. og 27. april. Dag 1 vart det haldt foredrag i Notloftet på Vindenes, før deltakarane vandra ut til Høybøen for nærmare synfaring og diskusjonar i felt. Seminaret var særst inspirerende og motiverande når det gjeld det vidare arbeidet med skjøtsel og tilrettelegging i området. Det er tydeleg at deltakarane synest som vi; at Høybøen og Vindenes er eit spesielt fornminneområde som fortener ekstra merksemd og har stort potensiale når det gjeld formidling. Dag 2 vart det vidare opplegg med interessante foredrag i Bergen. Eit av foredraga der gjorde sitt til at vi no revurderer ein del av formidlingsopplegget vi tidlegare har satsa på; bruken av Høgskulen i Bergen sin Fotsporapplikasjon. Trøndelag fylkeskommune nyttar You Tube som formidlingskanal for kulturminne. Dette er ein kanal som ligg der til gratis bruk, og der ein ikkje treng å ta stilling til spørsmål omkring vidare utvikling, oppdateringar og vedlikehald. Slik som er tilfellet med applikasjonar.

No i haust har vi tatt opp igjen kontakta med Arkikon og lagt inn ei bestilling på ein 3D-illustrasjon frå Høybøen. Vi ynskjer at denne illustrasjonen skal danne basis for ein seinare 3D-film, som kan gje eit bilete av utviklinga ved Høybøen/Vindenes gjennom fleire tusen år; frå steinalderen og opp til då garden blei lagt øyde. Illustrasjonen må få med alle gardselementa som tuftene og hellegangen mellom desse, brønnen, rydningsrøysene, naustet, åkrane og skillet mellom inn- og utmark. Arkikon har estimert kostnadene for dette til litt i underkant av kr 25.000, inklusiv moms.

Vi har også tatt opp igjen dialogen med Universitetsmuseet i Bergen når det gjeld nye foto av gjenstandsmaterialet frå Høybøen. Det finst fleire foto av gjenstandsmaterialet frå Høybøen i band I av Fjell bygdebok, men desse er ikkje lenger å oppdrive i følgje fotograf Svein Skare. Han har sjølv teke tre nyare gjenstandsfoto, som ligg ute på universitetsmuseet sin fotoportal, og som kan nyttast i vår formidling. Vi har nyleg lagt inn bestilling av følgjande motiv: av fiskesøkker, fiskekrokar og vevlodd samt gravmateriale – jamfør eldre foto på neste side. Prisen for nye foto ligg mellom kr 300 og 800 per stykk.






Spinnehjul, bryner og slipestein frå Høybøen.

Foto: Svein Skare, fotoportalen, Universitetsmuseet i Bergen.



Øvt til venstre: Vevlodd av kleberstein og spinnehjul
Øvt til høgre: Fiskesøkker av kleberstein og fiskekrokar.
Til venstre: Fragment av kvernstein (øvt til venstre),
kleberkar (øvt til høgre) og tre fragment av riflete
baksteheller av skifrig kleberstein (nedst).
Foto til Fjell bygdebok, Band I: Svein Skare,
Bergen Museum



Gravmateriale frå Høybøen: Skar av spannforma leirkar, del av ein kniv, beltering og bøyleneål.
Foto: Bergen Museum.



Tiltak i 2017 og 2018

Det er no desse fire fokusområda vi arbeider vidare med:

1. Fullfinansiering av skjøtselsarbeidet. Innhenting av fleire nye tilbod når det gjeld rydding av vegetasjon og busker ved Høybøen. Vi ser føre oss ein kombinasjon av betalt arbeidskraft utanfrå, og arbeidskraft frå Fjell kommune si nyoppstarta avdelinga Grønn etat.
2. Ferdigstilling av skilt og utarbeiding av film på You Tube.
3. Vidare dialog med grunneigarane i området, både i forhold til Høybøen spesielt, men også når det gjeld tilskot frå Fylkesmannen til lyngbrenning i andre områder på Vindenes.
4. Gjennomføre lyngbrenning.
5. Tilrettelegging av turstiar i området.

Rapport ved Berit Vik, kulturavdelinga i Fjell kommune 1. november 2017